



Kaia på Rød har stor kapasitet. Biletet er teke under bøkkerkvelden i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den tradisjonelle og populære Bøkkerkvelden på Rød blir i år halden laurdag 26. juni.

Det er frammøte seinast klokka 21.

*Det er 14.gong vertskapet godseigar Hallvard og leiglending Kristian inviterer til kystkulturkveld.*

*Det blir ein triveleg og innhaldsrik kveld i eit særeige sjøbruksmiljø - i spondungen mellom tønner, garn, ruser, teiner ogtauverk, lovar vertane.*

**Programmet er slik:**

- **Borge Olsen kvartett: Kjell og Leif Henrik Borge Olsen. Ole Jacob Hystad, Svein Folkvord**
- **Kåseri**
- **Munnleg forteljarkunst og uventa innslag**
- **Loddsal**
- **Meny: Lubbesild og poteta m/skalet på**

**- Kom gjerne sjøvegen.**

**Dersom du har farty, har vi kai, lovar vertskapet.**

**- Vi kan lova eit framifrå program og gode musikarar.**



God jazz er eit populært innslag under bøkkerveldane. (Foto: Ola Matti Mathisen)